

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015

### Vedtak

*Plankonferansen 20.-21. oktober:* Alle rådsmedlemene som ønsker å delta får moglegheita til det.

*Busstopp:* Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønsker å sende følgjande spørsmål til fylkesrådmannen:

*«Etter at ein fekk ei standard høgd på fortauskanten på buss-stopp på 18 cm, så oppfyller no mange nye og oppgraderte buss-stopp kravet til universell utforming. Dette gjer det lettare for både folk med nedsett funksjonsevne, og for funksjonsfriske, å ta seg fram med buss i Hordaland. No viser det seg at nye buss-stopp fungerer berre ei relativt kort sund, før asfalten byrjar å siga, og tydelege hjulspor viser seg langs fortauskantane på buss-stoppa. Dette medfører at bussen ikkje lenger kan køyra heilt inntil kanten, for då dunkar bussen nedi. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland ser med uro på denne utviklinga. Dette fører til at mange vil få problem med å ta seg fram med buss. Kva vil fylkesrådmannen gjere for å ivareta universell utforming på busstopp?»*